



Naturvernforbundet

Buskerud

Skal ulovleg skiløype preparerast? Avisinnlegg januar 2024

Det var full forvirring i kommunestyret i Nore og Uvdal om ei omstridd løypesak 15. januar.

Saka handla om ei skiløype i området Grevsgard og Hallgrimsfjell, kor sti- og løypelaget i området har tatt seg til rette og laga ei ny skiløype. Løypelaget har ikkje søkt om å få bygd løypa. Arbeidet med løypetraseen medførte store naturinngrep, og løypa er altså bygd i strid med lovverket.

Trass i dette har løypa blitt trakka opp.

Mykje pengar

I kommunestyret 15. januar diskuterte dei folkevalde i Nore og Uvdal ei merkeleg problemstilling: kven kan gi løyve til å køyre opp ei ulovleg løype med trakkemaskin?

Bygdelista ønska å vise at dei er "framme i skoa", som det heiter nå. Dei fremja ein interpellasjon om saka i desember. Ordførar og administrasjon var smidige og sette saka på dagsorden i januarmøtet. Dette var ei viktig sak, og intensjonen til Bygdelista var god.

Bygdelista argumenterte med at dette er ei viktig løype, det vil gå ut over både hyttefolk og fastbuande dersom den ikkje blir preparert.

Folk kjem langvegs frå for å gå i løypa, og det blir lagt igjen mykje pengar i butikkane.

Her gjeld det å vere smidig, og ikkje øydelegge den gode servicen utad, hevda representanten for Bygdelista.

Ordførar følgde opp med å opplyse om at tidlegare landslagsløparar brukte løypa for å kome unna sokelyset og sleppe å gå i kø.

Forventning til Motorferdselsutvalet

I debatten som følgde var det mykje forvirring, dei fleste som hadde ordet prøvde så godt dei kunne å finne eit smutthol for å kunne gi løyve til preparering av løypa. Eli Hovd Prestegården SP sette til slutt foten ned og sa at kommunen ikkje kan gi løyve til å preparere ei løype som er ulovleg bygd. "Det er gjort store naturinngrep - dette er ein ny kultur for å ta oss til rette", sa Prestegården. Sp ville støtte administrasjonen sitt forslag om avslag.

Vidare drøfta kommunestyret om det var mogleg å sende saka over til motorferdselsutvalet, så kunne dei gjera vedtak. Nokon meinte at eit negativt vedtak i kommunestyret ville setje utvalet i ei knipe, og at det i såfall måtte vere løypelaget som søkte utvalet om løyve. Debatten ebba ut, og det var til slutt eit stort fleirtal som slutta seg til Sp og administrasjonen sitt forslag om å avslå søknaden frå løypelaget. Vedtaket blei fatta mot to stemmer. Dei folkevalde fann rett og slett ikkje noko anna løysing.

I dette tilfellet endte saka godt, men i kommunestyret låg det ei forventning i lufta om at løypelaget kan søke motorferdselsutvalet om løyve til å preparere løypa.

Handsaminga i kommunestyret styrkar Naturvernforbundet sin oppfatning av at folkevalde rundt om i kommunane ikkje evnar å sjå dei store linene. Det er kortsiktige økonomiske omsyn som styrer. Me har ei naturkrise med stor nedgang i dyrebestandane. Vinteren er ei krevande tid for alt dyreliv. Dyra treng ro og fred for å overleve vinteren. Politikarane bør spørre seg sjølv om kor mange mil med maskinpreparerte løyper dei treng. Det blir interessant å sjå kva som skjer dersom løypelaget nå søker motorferdselsutvalet om løyve.

Naturvernforbundet i Buskerud - Martin Lindal